

Tale v/ kransenedlegging 17. mai Fjell kyrkje, 2022

Også her i Fjell var det mange som reiste seg mot den tyske okkupasjonsmakta under den andre verdskrigens. Det var mange gutar og menn som i sin beste alder ofra seg for landet og fridomen.

Fleire av dei som gav livet sitt for fedrelandet, var mellom dei som var med på dei risikofylte skøytene mellom Noreg og vestover til England og Shetland. Dette fekk også konsekvensar for dei som var heime og skulle driva gardsbruk og fiske utan mange av dei yngste og sterkeste karane.

Her i bygda vert vi stadig minna om den 2. verdskrig, gjennom Koleragravplassen, Russar-stegen og Festnings-anlegga. Festnings-anlegga vart bygd dei tre siste åra under den tyske okkupasjonen.

Denne festninga skulle ikkje berre ha ein lokal funksjon, men skulle vera ein del av den tyske festningslinja som gjekk langs heile Atlanterhavskysten.

Sør i Øygarden kommune, fekk som de kjenner til bygda Telavåg, verkeleg oppleva kor brutal ein krig er. 30. april for 80 år sidan sette tyskarane fyr på bygda. Desse grusomme hendingane har i ettertid merka liva til alle som mista hus og heim og dei som mista sine kjære.

Det vert færre og færre augevitne til den siste verdskrigens. Difor er det så viktig for oss som ikkje opplevde dette, å få kunnskap og kjennskap til denne delen av historia.

I etterkrigstida har Noreg nasjonalt og internasjonalt arbeidd for at krig aldri må skje igjen. Men diverre, har Russland med Vladimir Putin som leiar, starta krig mot Ukraina. Igjen vert sivilbefolkinga svært hardt råka!

Det er med stor vyrdnad og takksemd eg skal få leggja ned ein krans på minnestøtta etter dei falne frå Fjell under krigen. Vi tenker på dei som gav livet sitt for vår fridom, og vi tenker på familiene deira.

Med dette i minnet kan vi likevel markera nasjonaldagen som ein festdag for alle. Samstundes får vi vist at vi står saman om dei viktige og grunnleggjande verdiane i landet vårt.